

## Sak 5

### Vedtekter

---

#### **Forslag: Endring i vedtekter § 13 Regionale råd**

På styremøtet 7-21 29. november sette styret ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på vedtektene for dei regionale råda. Grunngevinga var at utetter kan vere store utfordringar med å få fram skiljet mellom Actis nasjonalt og dei regionale råda. Dette kan by på kommunikasjonsutfordringar og skape usikkerheit rundt kva Actis meiner i viktige saker.

Arbeidsgruppa som har jobba med vedtektsendringar for regionale råd har bestått av ein styrerepresentant, to frå sekretariatet og to frå dei regionale råda:

- Cecilie Widnes (styret, leiar)
- Lars Fjærli Hjetland (sekretariatet)
- Mai Lene Fløysvik Hæåk (sekretariatet)
- Elna Nilsen (Actis Vestland)
- Shagufta Parveen (Actis Oslo og Akershus)
- Tom Aune (Actis Oslo og Akershus)

Shagufta Parveen møtte på det første møtet og Tom Aune møtte på det andre møtet.

Det har blitt haldt to møter i arbeidsgruppa: Eitt møte 17. desember og eitt møte 07. januar. På det første møtet vart problemstillinga drøfta og dei regionale råda fekk uttrykke sitt syn på både prosessen og vedtektsendringar.

Etter det andre møtet sendte sekretariatet ut forslag til nye vedtekter til gruppa. Desse konkrete endringsforslaga vart drøfta på det andre møtet. Samlege medlemmar av arbeidsgruppa slutta seg til forslaga.

Forslaga omhandlar både namn og kommunikasjonen utetter. Det er viktig at dei regionale råda fungerer som samarbeidsorgan på regionalt plan og at vedtektene avspeglar dette.

**Styrets innstilling:**  
Forslaget vedtas